

Møtereferat

Dato: 23/4-2018

Emne:	Referat frå møte 8 i kunstkomiteen for Bybanen, BT4.		
Til stades:	Sølvi Marie Myrseth (SMM), Stein Dvergsnes (SD), Elisabeth Vaule (EV), Petra Rahm (PR), Hilde Skjeggstad (HS). Kunstnar Jan Freuchen deltok under sak 1.		
Forfall:	Ingrid Haukeland (IH), Ronny Skaar (RS), Tone Stedal Haugland (TSH).	Sak:	
Møtetid:	Fredag 20. april kl. 13.00-15.30	Møtestad: HFK, møterom 726.	

Møteleiar: Hilde Skjeggstad

Referent: Hilde Skjeggstad

Sak	Emne	Vedtak	Ansvar / frist
1.	<p><i>Kunst til Kristianborg, forprosjekt. Undervegs-presentasjon ved kunstnar Jan Freuchen.</i></p> <p><i>Jan Freuchen presenterte førebels skisser til kunst til Kristianborg Han ynskjer å nytta området under bru for E39, på vegg og i tak ved gang / sykkelveggar, og noko liggande på «bankett» (sidefelt for gangveg, inn mot vegg). I dette området kjem kunsten venteleg ikkje i konflikt med teknisk infrastruktur eller trafikk. Hovudidé er ein skulptur i fleire delar, lik klasar av krystalliske kubar som veks ut av veggjar, tak og frå grunn.</i></p> <p><i>Overflatene kan vere behandla så skulpturane endrar karakter og farge ettersom ein bevegar seg forbi, eller om ein ser dei frå kort eller lang avstand.</i></p> <p><i>Kunstkomiteen er svært positiv til ideen og vonar den kan bli realisert. Hilde og BU tek kontakt mot Statens vegvesen (SVV), som blir eigar av brua, for å etablera dialog om prosjektet og for å avklara om det er særskilte omsyn å ta i høve til plassering, materialar og montering. Etter dette vil Jan utvikla forprosjektet vidare med å undersøke materialar, overflater, plasseringar og produksjonsprosess.</i></p>		
2.	<p><i>Referat frå forrige møte. Referat blei godkjend uten merknader.</i></p>		
3.	<p><i>Orienteringssaker.</i></p> <p>a.</p>		
4.	<p><i>Kunst til Haukeland.</i></p> <p>a. <i>Status prosjektering Prosjekteringsarbeidet går føre for fullt, no og med lysdesignarar på laget. Sølvi presenterte konseptskissa til ÅF lighting. Ei skisse som viser hovudprinsippet, ligg ved referatet.</i></p> <p>b. <i>Tankar om kunst / prosessen vidare. Prosjekteringsarbeidet innomhus er komplekst, og det er førebels</i></p>		

	<i>ikkje klart kor eller korleis ein kan arbeida med kunst. Saka blir tatt opp att i eit seinare møte i kunstkomiteen. Hilde viste til slutt et par døme på kunstnarar som har meldt seg i prekvalifiseringa, og som har arbeider og arbeidsmetodar som er interessante.</i>	
5.	<i>Budsjett.</i>	
6.	<i>Framdrift.</i>	
7.	<i>Møteplan. Nytt møte blir avtalt pr epost.</i>	
8.	<i>Ev. Det var ingen saker til Ev.</i>	

Vedlegg: 1. Skisse hovudprinsipp Haukeland